



Saksdokumenter:

KM 7/24 Organisasjonsutvikling – folkevalde, soknerådet og bispedømerådet

Samandrag av saka

Saka er oppfølging av tidlegare vedtak i Kyrkjemøtet om kyrkjeleg organisering. I 2022 bad Kyrkjemøtet om at Kyrkjerådet skulle fremme saker om å tydeleggjera ansvaret og styrke rammevilkåra til dei valde styringsorgana og deira leiarar, styrking av soknerådet og styrking av bispedømerådet som strategisk organ. Bestillinga blei gjentatt i 2023, samstundes som Kyrkjemøtet stadfesta kyrkjelege verv som ei kyrkjeleg styringsteneste.

Ansvar og vilkår for folkevalde og deira valde leiarar

Spørsmål om ansvar og vilkår for folkevalde er drøfta i utgreiinga *Demokratiets grunnlag og folkevalgtes rolle i Den norske kirke* (etter dette kalla demokratiutgreiinga) frå 2022. Utgreiinga var bestilt av Kyrkjerådet og har vore eit utgangspunkt for Kyrkjerådet sine drøftingar av spørsmåla.

Som luthersk kyrkje er det grunnleggande for Den norske kyrkja at kyrkjelyden som eit fellesskap er grunneininga i kyrkja. All styring spring ut frå dette fellesskapet. Samstundes har kyrkja ei særleg teneste med ord og sakrament. Styringsansvaret i Den norske kyrkja ligg i rådsorgana og blir utøvd i eit samvirke mellom valde medlemmer og representantar for den særlege tenesta.

Rolla som vald medlem i eit kyrkjeleg råd skil seg ut som ein eigen kategori teneste i Den norske kyrkja, ulik både frivillig teneste som den einskilde kyrkjemedlemen gjer, og tenesta til vigsla og andre tilsette medarbeidarar. Dei som har denne tenesta, må få tilstrekkeleg opplæring og administrativ støtte for å kunne skjømte oppgåvene på ein god måte. Det er gode argument for å godtgjere arbeidet som skjer i dei ulike råda, men

Kyrkjerådet meiner at det er vanskeleg å gi nasjonale reglar når det er kommunane som løyver pengar til dette.

Myndetilhøva i soknet

Soknet er representert gjennom to organ, soknerådet og kyrkjeleg fellesråd. Soknerådets ansvar og prestetenesta er formelt to verksemdar i soknet, men må samordne oppgåvene. Kyrkjeleg fellesråd har administrative og økonomiske oppgåver på vegner av sokna i kommunen, har arbeidsgivaransvar for dei tilsette med soknet som arbeidsgivar og utarbeidar mål og planar for den kyrkjelege verksemda. Ein viktig føresetnad for eit godt arbeid i kyrkjelydane er at det er eit godt samspel og samarbeid mellom dei to organa for soknet, med god rolleforståing. Fellesrådet har ansvar for økonomi og tilsette og fungerer slik som det viktigaste ressursorganet for soknerådet.

Målsettinga om å styrke soknerådet er konkret knytt til ei tydelegare rolle i samband med utlysing av og tilsetting i stillingar som fellesrådet har arbeidsgivaransvaret for. Dessutan at prestane som arbeider i soknet blir forplikta på planane til soknerådet.

Kyrkjerådet ser også for seg at sokneråda i kommunen gjennom eit årleg fellesmøte (eller ei alternativ ordning i dei største fellesråda) kan sikre god koordinering, slik at innspel frå sokneråda blir retningsgivande for planane til fellesrådet. Dette forankrar dagens føresegn om at fellesrådet skal utarbeide mål og planar for den kyrkjelege verksemda i kommunen. Ei styrking av soknerådet føreset også ei tilstrekkeleg administrativ støtte for å løyse oppgåver og sikre effektive prosessar. Dette kan ein gjera på ulike måtar, og fellesrådet må framleis ha ein nøkkelfunksjon med å gi ei slik støtte.

Bispedømerådet som strategisk organ i Den norske kyrkja

Bispedømmerådet er eit strategisk mellom- og bindeledd mellom Kyrkjemøtet og lokalkyrkja. Mandatet til bispedømerådet går fram av kyrkjeordninga § 26: Rådet «skal ha sin oppmerksomhet henvendt på alt som kan gjøres for å vekke og nære det kristelige liv i menighetene». Vidare skal rådet fremje samarbeidet mellom sokneråda og andre arbeidsgrupper i bispedømet. Bispedømerådet skal også utføre oppgåver som det er pålagd av Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet, og kan etter avtale også utføre oppgåver for fellesrådet eller soknerådet.

Kyrkjemøtet vil styrke bispedømerådet som strategisk organ og ressursorgan for soknet gjennom mellom anna tettare kontakt og dialog med sokneråda og kyrkjeleg fellesråd. Vedtak og planar frå Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet skal følgast opp og samstundes må det

strategiske arbeidet i bispedømerådet bygge på og fange opp lokale behov og planprosessar. Ei styrking av det strategiske ansvaret betyr at ein skal forsterke og spisse mandatet og nokre delar av oppgåveportefølja. Bispedømerådet kan vera ein lyttepost som kan fange opp og formidle signal mellom det sentrale og lokale, profilere nasjonale planer og strategiar og hjelpe kyrkjelydane til å finne ei lokal form. Ordninga med samråd har vist seg å vera vellykka som verktøy for kontakt, som ein kan supplere med andre forum der regionale og lokale tilsette leiarar møtest, og møteplassar for tilsette.

Dette må ein sjå i samanheng med biskopens tilsyn og leing. Rådet må også ha fokus på det samla arbeidet i kyrkjelydane, der alle tilsette og frivillige kan delta.

I dag har bispedømerådet også mange forvaltingsoppgåver som det gjer på oppdrag frå Kyrkjemøtet og Kyrkjerådet. Somme av desse oppgåvene kan ha eit strategisk potensiale for bispedømerådet, eller det kan vera andre gode grunnar til å halde på dei, mens andre kan ein legge til andre organ eller avvikle. Som eit ledd i arbeidet med å styrke bispedømerådet bed Kyrkjemøtet om at den oppgåveportefølja som bispedømerådet har i dag, blir gjennomgått, også med tanke på forenkling og effektiv ressursutnytting.

Komiteens merknader

Komiteen legg saksorienteringa til grunn. Komiteen har følgjande merknader:

1. Komiteen meiner at erfaringane med samråd og innspelsmøte det siste året bør evaluerast og at desse møta framover bør utviklast i dialog mellom bispedømeråda og organa for soknet, i samarbeid med Kyrkjerådet.
2. Bispedømerådet vil kunne frigjere tid når det ikkje lengre har ansvar for tilsetjing av prestar. Komiteen meiner dette vil ha konsekvensar for arbeidet i rådet - både når det gjeld saksområde, tidsbruk og korleis råda skal prioritera dei oppgåvene dei skal vareta.
3. Komiteen peiker på at det er ei utfordring for soknerådet i mindre sokn å få gjort sentrale oppgåver utan administrativ støtte. Komiteen meiner det er viktig at fellesrådet prioriterer administrativ støtte for å styrke arbeidet i soknerådet.
4. Komiteen strekar under at eit årleg fellesmøte for sokneråda vil vera viktig for å styrke samarbeid og kommunikasjon mellom dei to organa for soknet.

5. Komiteen vil støtte at det blir laga eit felles regelverk for godtgjering og frikjøp og for dekning av tapt arbeidsforteneste i bispedømeråda. Komiteen vil samstundes peike på at det må vera ein fleksibilitet i handteringa av reglane som tar høgde for at bispedøma er svært ulike, og at det kan vera tilfelle der einskilte folkevalde kjem ugunstig ut pga. ekstra lang reiseveg, tilhøve på jobb m.m. Komiteen er opptatt av at det er openheit om all form for kompensasjon.

Forslag til vedtak frå komitémedlem Hedberg:

Vedtakspunkt 3: Fellesrådene er der for å tene sokneråda og sokneråda legg premissane for økonomien og verksemda til fellesråda. Tilhøvet mellom soknerådet og fellesrådet må bli grundig utgreia.

Vedtakspunkt 5: Bispedømmeråda blir lagde ned og Kyrkjemøtet blir vald direkte frå sokneråda. Dette vil knyte Kyrkjemøtet og sokneråda meir saman og frigjere store økonomiske og menneskelege ressursar.

Forslag til vedtak

- 1 1. Trussamfunnet Den norske kyrkja er styrt av demokratiske organ på alle nivå. Dette har
2 både teologiske og historiske årsaker. Kyrkjemøtet bed Kyrkjerådet om å legge fram
3 forslag om ei føresegn i kyrkjeordninga som stadfestar at rådsorgana i kyrkja utgjer ei
4 særleg styringsteneste.
- 5 2. Kyrkjemøtet meiner det er viktig at administrativ støtte til råda, og eventuell
6 godtgjering for teneste som rådsmedlem blir vurdert ut frå dei tilgjengelege ressursane
7 på den aktuelle staden. Kyrkjemøtet vil oppfordre til samarbeid om administrativ støtte
8 der det ligg til rette for det.
- 9
10 3. Kyrkjemøtet vil understreke at dei to organa for soknet, soknerådet og kyrkjeleg
11 fellesråd, må ha eit nært samarbeid, med respekt for ulike mandat og roller. Kyrkjeleg
12 fellesråd har ansvar for økonomi og tilsette og fungerer slik som det viktigaste
13 ressursorganet for soknerådet. Både rådsmedlemene og dei tilsette i soknet må få
14 tilstrekkeleg opplæring i oppgåver og roller og korleis råda fungerer som styringsorgan.
- 15
16 4. Kyrkjemøtet vil styrke soknerådets rolle som styringsorgan for soknet og bed
17 Kyrkjerådet om å legge fram forslag om endringar i regelverket slik at:

- 18 a) soknerådet får ei tydeleg rolle i samband med utlysing av og tilsetting i
19 kyrkjelydsretta stillingar
- 20 b) prestar som arbeider i soknet, blir forplikta på dei planane og prioriteringane som
21 soknerådet fastset, på lik line med dei tilsette som har soknet som arbeidsgivar
- 22 c) sokneråda gjennom ei årleg samling eller på anna vis kan gi retningsgivande signal
23 til kyrkjeleg fellesråd om budsjett og planar for den kyrkjelege verksemda i
24 kommunen.
- 25 5. Bispedømerådet har si merksemd på alt som kan gjerast for å vekke og nære det
26 kristelege livet i kyrkjelydane. Kyrkjemøtet vil styrke bispedømerådet som strategisk
27 organ og ressursorgan for soknet. Difor må rolla som eit strategisk mellom- og
28 bindeledd mellom Kyrkjemøtet og lokalkyrkja utviklast. Samråd og andre møtepunkt
29 med organa til soknet bør bli ein sentral del av arbeidsforma. Kyrkjemøtet ber om ei
30 sak om oppgåveportefølja til bispedømerådet. Mandat og oppgåver for
31 bispedømerådet må også bli definert med omsyn til biskopens tilsynsoppgåver.
32
- 33 6. Kyrkjemøtet går inn for at det blir laga felles regler for godtgjering, frikjøp og dekning
34 av tapt arbeidsforteneste for medlemar i bispedømeråda.

35
36
37



Innstilling 1 fra komité D

.....

komitéleder

.....

saksordfører